



RADØY KOMMUNE

Jonny Hjelle
Langarinden 370 A
5132 NYBORG

Dykkar ref.

Vår ref.

13/1626-1/ 13/12727/14/45/RTO

Dato:

Manger: 20.12.2013

GNR 14/45 VALDERSNES - AVKJØRSEL - OVERVATN

Under ei synfaring etter dei store nedbørsmengdene i november er det konstatert at overvatnet saman med veggus frå avkjørsla dykkar har rent inn i og over kommunevegen til nedanforliggende eigedomar og forårsaka skader på m.a. bygning. Overvatnet har og rent forbi og inn i ein brønn. Kommunen kjenner til at det ligg føre ei forsikringssak på desse skadene og at vassprøvene som er tatt av brønnen viser høg grad av forureining m.a. av koloforme bakteriar, bakteriar som som ifølgje grunneigar ikkje har vore påvist tidlegare.

Årsaka til at overvatn kjem inn i kommunevegen og ikkje går gjennom stikkgrøfta under vegen som tiltenkt, er slik kommuneingeniøren vurderer det, at bekken ved avkjørsla som før var open no er lagt i røyr og fylt over med steinmasser og at dimensjonen på desse røyra må vera for liten særleg ved slike nedbørsmengder som vi har hatt i det siste. Nedlegging av røyra og overfylling vanskeleggjer/hindrar og kommunen sitt tilsyn med stikkgrøfta gjennom kommunevegen.

Som vegeigar kan ikkje kommunen tillata ei slik løysing og ber om at røyra og fyllmassene vert fjerna og bekken gjenopna for om mogleg å hindra liknande skader i framtida. I denne samanheng må vi og minna om at sjølve avkjørsla også må opparbeidast slik at det heller ikkje her renn for mykje overvatn inn i vegbana.

Kommunen ber om ei snarleg tilbakemelding. Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Med helsing

Tore Rikstad
Kommuneingeniør



RADØY
den grøne øya

Postadr:
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Telefon: 56 34 90 00
Telefaks: 56 34 90 01

E post:
postnotak@radoy.kommune.no

Webside:
www.radoy.kommune.no

Bankgiro:
3636.07.00776

Org.nr:
954 748 634

PS! Er maillet til dere på → den 9/1